

LANGTIDSPLAN 2015 – 2018



NORSK INSTITUTT FOR
**BUNAD OG
FOLKEDRAKT**

INNLEIING

Denne planen skal vera eit styringsverktøy i arbeidet til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) dei neste fire åra (2015 - 2018). Planen byggjer på det nasjonale mandatet instituttet har fått frå Kulturdepartementet, samt langtidsplan til Valdresmusea for same periode. Planarbeidet ved NBF lyt slik sjåast opp mot Valdresmusea sin plan.

Planen skal opp til handsaming i bunad og folkedraktrådet på rådsmøte 3. desember, og vidare til styret i Valdresmusea 8. desember. Planen er ein førebels fyrstegenerasjonsplan og skal reviderast våren 2015 i samband med planarbeidet ved Valdresmusea som heilskap.

INNHALD

INNLEIING	2
INNHALD	4
FORMALIA	5
OFFENTLEG INSTANS	5
MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE	6
ADMINISTRASJON OG PLANARBEID	7
Personalarbeid	7
Arbeidslokale	7
FORVALTNING OG DOKUMENTASJON	8
Arkiv og samlingar ved NBF	8
Nasjonalt kartleggingsprosjekt av eldre draktskikk i Noreg	9
Digitalisering og sikring	9
Filming av informantar	10
FORSKING OG UTVIKLING	11
Rekonstruksjon	11
Utviklingsarbeid	12
Nomenklatur	12
Materialkunnskap	12
Bunad og næring	13
FORMIDLING, UNDERVISING OG RÅDGJEVING	14
Rådgjeving og opplysningsarbeid	14
Utstilling	14
Faglege rettleiingsbesøk	14
Høgare utdanning	15
Bunadopplæringa	15
Fagdagane	15
Primuskurs i registrering av drakt og tekstil	16
Nettsider og sosiale media	16
Media	16
Digitalt museum	17
FORNYING OG NETTVERKSBYGGING	18
Deltaking/møte med fagmiljø i innland og utland	18
Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil	18
Nordisk draktseminar	19
BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET	20
RETNINGSLINER FOR BUNAD- OG FOLKEDRAKTRÅDET	20

FORMALIA

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til Landsnemnda for bunadspørsmål og organisert under *Kontoret for kunst og kultur*. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statuttar. I 1986 vart namnet omgjort til Bunad- og folkedraktrådet, og same år vart sekretariatet flytta frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart all drift av Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea as, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea (VM). Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtektene for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet beheld namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

OFFENTLEG INSTANS

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov.

MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forskning og formidling av folkedrakt og bunad. Jfr. avtalen mellom Valdresmusea og KUD skal NBF *”Arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og framstilling av bunader og folkedrakter i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar”* (pkt.3.1). Vårt hovudmål er å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturuttrykk, og bruk og tilverking av desse draktypane.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen (nivå 1):

- Sørge for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Staten ved NBF har i over 60 år arbeidd med å dokumentere bunad og folkedraktmaterialet i Noreg. Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for forskning og utviklingsarbeid.

Pågangen frå forskarar, studentar, næringsdrivande og andre er sterkt veksande. **Nettverksbygging og forskings- og utviklingsarbeid er prioritert satsingsområde framover.** Forsking og utvikling er ein viktig føresetnad for at det immaterielle kulturarvfeltet skal bli ein framtidsretta og levedyktig verdiskapar i Noreg. NBF har nettverk, kompetanse, metodar og arkiv, men lyt arbeide for ei betydeleg auke i driftsmidlane for å initiere i ei rekkje forskningstiltak og å styrke kunnskapsproduksjonen.

ADMINISTRASJON OG PLANARBEID

Personalarbeid

Valdresmusea som organisasjon er personalarbeid eit prioritert område i denne perioden. Føreseielege og trygge rammer er viktig for dei tilsette. Lønnsnivået ved organisasjonen er til dels svært lågt og kan vera eit hinder for å bygge nødvendig kompetanse. Instituttleiaren ved NBF har personalansvar for dei tilsette ved NBF, og vil delta i arbeidet med personalpolitikken ved VM som organisasjon.

PRIORITET 2015 – 2018:

- UTARBEIDING AV PERSONALHANDBOK FOR VM, OG EIGE SÆRAVTALE FOR NBF
- UTARBEIDE EIN LØNNSPOLITISK PLAN OG HEVE LØNNSNIVÅET VED ORGANISASJON

Arbeidslokale

NBF har sidan 1986 vore lokalisert i underetasjen i administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum. Det er no ynskjeleg å endre lokala noko for å gjera NBF meir synlege, samt for å betre utnytt arealet i forhold til slik arbeidet er no i dag. Hovudinngangen til NBF skal flyttast frå sørsida av huset til vestsida.

PRIORITET 2015 – 2018:

- FLYTTE INNGANGEN TIL VESTSIDA AV ADMINISTRASJONSBYGGET
- UTARBEIDE PLANER FOR OMBYGGING AV LOKALA
- BYGGE OM LOKALA

FORVALTNING OG DOKUMENTASJON

Arkiv og samlingar ved NBF

NBF har eit stort arkiv av registrerte draktplagg frå heile landet. Størstedelen av draktregistreringane er i privat eige, og ein mindre del er i museumseige. Draktforskning i internasjonal samanheng har stort sett vore basert på museumstilfang, så eit slikt arkiv er unikt. Folkedraktmaterialet står sentralt i dokumentasjonsarbeidet, men det er også viktig for oss å dokumentere bunadshistoria.

NBF forvaltar eit omfattande nasjonalt mønsterarkiv som inneheld både originalmønster, graderte mønster, skisser, vev- og broderimønster og saumforklaringar frå heile landet.

NBF har ei stor draktsamling med nysydde modellbunader frå ulike rekonstruksjonsprosjekt. Det er ei målsetjing at NBF skal ha modellbunadar frå samtlege gjennomførte rekonstruksjonsprosjekt. NBF har også ei samling av gamle draktplagg, sko, draktmetall osv til bruk i undervising og det faglege arbeidet elles.

NBF skal til ei kvar tid ha eit oppdatert stoffarkiv til bruk i rådgjevingsarbeidet vårt, samt som ein dokumentasjon på utviklinga i norsk tekstilindustri.

NBF har ei biblioteksamling som til ei kvar tid skal innhalde det meste av relevant draktfagleg litteratur. Biblioteket skal vera tilrettelagt som eit studiebibliotek for brukarar/studentar, og er elles eit viktig verktøy i det faglege arbeid ved NBF. Biblioteksamlinga er no registrert i programmet Bibliofil. Dette arbeidet har vorte gjort gjennom eit samarbeid med Valdresbiblioteka, der me har fått låne ein brukar til registreringsarbeidet. Det er behov for å få eigen brukar for å sikre ei varig funksjonell løysing for biblioteket.

Arkiva ved NBF omfattar også foto, film, korrespondansearkiv, dokumentasjonsarkiv for rekonstruksjon, mediearkiv, kjeldarkiv og arkiv etter privatpersonar.

PRIORITET 2015 – 2018:

- GÅ GJENNOM OG VIDAREUTVIKLE RUTINANE FOR BRUK OG VEDLIKEHALD AV ALLE ARKIVA
- DOKUMENTERE HISTORIKKEN TIL KORLEIS DEI ULIKE ARKIVA HAR VORTE TIL
- KOMA I MÅL MED YMSE ETTERSLEP FRÅ FELTARBEID, SÆRLEG MED TANKE PÅ FERDIGSTILLING AV MØNSTERKISSER
- VIDAREUTVIKLE STOFFARKIVET MED LISTER OVER FORHANDLARAR
- KJØPE EGEN BRUKAR HJÅ BIBLIOFIL TIL BRUK I BIBLIOTEKSAMLINGA
- REGISTRERE ALLE SMÅSKRIFT I BIBLIOFIL
- ARBEIDE MED Å VIDAREUTVIKLE ULIKE BRUKSFUNKSJONAR I PRIMUS GJENNOM DIALOG MED KULTURIT
- ARBEIDE FOR Å FÅ TIL FUNKSJONELL GJESTEBRUKARLØYSING I PRIMUS

Nasjonalt kartleggingsprosjekt av eldre draktskikk i Noreg

Sidan 1960-talet har institusjonen arbeidd med systematisk kartlegging av eldre draktskikk i Noreg. Kwart år dreg NBF på feltarbeid ulike stader i landet, der fagpersonar fotograferer og registrerer folkedraktplagg. I organiseringa av feltarbeidet er vi avhengige av kontaktpersonar i lokalmiljøet. Området som skal dokumenterast, kan gjerne delast opp i mindre einingar, og det blir gjerne oppnemnt grendekontaktar som vitjar kvar husstand i sine einingar. NBF og den lokale kontakten avtaler ein dato og ordnar med eit lokale der registreringa kan gå føre seg. Dei lokale kontaktpersonane får så i oppgåve å samle inn kleda i sine område. Eigarar kan òg kome med klede sjølve. Kvar gjenstand blir fotografert og gjeven ei beskriving av materiale, farge, teknikkar og mål. Særleg interessante plagg blir det laga mønster og saumforklaring til. Andre opplysningar om opphav og bruk skal noterast. Denne informasjonen blir deretter lagd inn i Primus, i tråd med avtaleskjema som er laga mellom NBF og eigar. Primus er eit elektronisk informasjonssystem for registrering, administrasjon og presentasjon av gjenstandssamlingar. Slik blir både kunnskap om plagga og historia deira bevart.

PRIORITET 2015 – 2018:

- PRIORITERE FELTARBEID I OMRÅDE MED DRAKTSKIKK I UBROTEN TRADISJON
- SLUTTFØRE ARBEIDET I OMRÅDE DER BERRE MINDRE GEOGRAFISK BYGDER MANGLAR
- OMRÅDE DER ME TRENG SÆRSKILT DATAGRUNNLAG FOR PÅGÅANDE FORSKINGSPROSJEKT
- NORD- NOREG

Digitalisering og sikring

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få skanna bileta til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore prioritert arbeidd med å digitalisere alle gamle filmnegativar og lysbilete, samt å leggje desse inn i Primusdatabasen. Dette arbeidet er no inne i sluttfasen. Det står att ein del etterarbeid på å finne ut av kopling mellom tekst og bilete på registreringar med mangelfull koplingsreferanse. Det er også ein del etterarbeid etter dei 63298 registreringane som vart konvertert frå Cardbox til Primus i 2010. Det er også behov for noko oppryddingsarbeid i fotoarkivet frå perioden 2005-2007 som ein fylgje av overgang mellom ulike datasystem.

Mønsterarkivet og kjeldearkivet som finst ved NBF er uerstattelege, og det er naudsynt med digital sikring av desse. Ei digitalisering vil også gjera arkiva søkbare og meir brukarvenlege.

PRIORITET 2015 – 2018:

- SLUTTFØRE DIGITALISERINGA AV FOTOARKIVET OG ARBEIDE MED Å KOPLE FOTO TIL REGISTRERINGANE I PRIMUS.
- DIGITALISERE KJELDEARKIVET
- DIGITALISERE MØNSTERARKIVET

Filming av informantar

NBF dokumenterer også informantar og handverkarar som sit inne med verdifull kunnskap. Det kan vera særskilde teknikkar, munnleg tradisjon eller intervju av kjelder i drakttradisjonar i ubroten tradisjon. I enkelte dokumentasjonsprosjekt er det naturleg å søkje samarbeid med Norsk håndverksinstitutt i ulike dokumentasjonsprosjekt.

PRIORITET 2015 – 2018:

- METODEUTVIKLING FOR DOKUMENTASJON PÅ FILM
- ARBEIDE TETTARE MED NORSK HÅNDVERKSINSTITUTT
- UTVIKLE GODE RUTINAR FOR LAGRING OG ETTERBRUK AV DOKUMENTASJONSMATERIALET

FORSKING OG UTVIKLING

NBF har som mål at formidlingsarbeidet ved NBF skal vera forskingsbasert. Dette gjeld både arbeid med utstillingar, publisering, rådgjeving. Kvalifisert analyse av relevant kjeldemateriale frå både eit teoretisk og eit handverksperspektiv skal liggje til grunn. NBF skal som nasjonalt kompetansesenter leggje til rette for utvikling av kunnskap som feltet etterspør, og samstundes kjenne eit særleg ansvar for å ivareta og sikre verdifull kompetanse som gjerne blir oversett av andre.

Dokumentasjonsarbeidet og grunnforskning på norsk draktskikk skal gjev grunnlag for djupare studie av norsk draktskikk og bunadshistoria. NBF har sidan opprettinga i 1947 gjort omfattande undersøkingar i den folkelege draktskikken i Noreg. På grunnlag av dette har NBF gjeve ut fleire rapportar frå draktområde som er ferdig registrerte. Rapportane spesielt og arkivet generelt er eit unikt grunnmateriale for forskning, og dette materialet er tilgjengeleg for studentar og forskarar.

PRIORITET 2015 – 2018:

- STUDIE AV SYMBOLIKK I BUNAD- OG FOLKEDRAKT. ARBEIDET HAR SÆRLEG RELEVANS FOR UTVIKLING AV FØREDRAG, PUBLISERINGAR OG UTSTILLINGSARBEID VED NORDISK DRAKTSEMINAR PÅ FAGERNES I 2015
- UTARBEIDE FØREDRAG OG PUBLISERINGAR OM IMPULS OG TRADISJON PÅ DRAKTFELTET
- ARBEIDET VIDARE MED STUDIE AV DRAKTSKIKKEN I GUDBRANDSDALEN

Rekonstruksjon

Ein viktig del av forskingsarbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Helst blir dette arbeidet utført i samarbeid med personar i det området drakta er ifrå, for å gje lokalmiljøet eigarskap til arbeidet. Ofte fører ein rekonstruksjon fram til utvikling av ein ny bunad som blir sett i produksjon lokalt.

Ein rekonstruksjon inneber fyrst ei systematisk kartlegging av draktskikken i eit visst område ut frå innsamla data. Deretter blir det utført ei nøyaktig kopiering av draktplagg som høyrer saman frå same stad og same tidsperiode. Registreringar av draktplagg lyt kategoriserast, og ein må gruppere dei i ulike tidsperiodar. I tillegg blir andre kjelder som fotografi, måleri, litteratur (m.a. bygdesoger og reiseskildringar) og muntleg tradisjon studert. Desse kan seia noko om når/ kva høve plagga vart brukt og korleis dei vart brukt. Det er òg viktig å finne ut av handelsvegar, næringsvegar og samhandel / kontakt med andre bygdelag, og samanheng med kledeskikkane i områda rundt. Arbeidet med oppsyng av ein prototype av ei komplett ferdig drakt med ulike variantar blir gjerne utført lokalt. NBF tilbyr då opplæring, råd og til slutt ei vurdering av den tekniske utføringa av arbeidet sett ut frå kjeldematerialet som er lagt til grunn. Heile rekonstruksjonsprosessen går gjerne over mange år før både rapport og vurdering av oppsydd prototyp er ferdig.

PRIORITET 2015 – 2018:

- ARBEIDE VIDARE MED REKONSTRUKSJON I ØSTFOLD, SUNNMØRE, VALDRES, FUSA, ØSTERDALEN. DET ER EIT MÅL AT MINST 3 AV DESSE PROSJEKTA BLIR SLUTTØRT I DENNE PERIODEN
- METODEUUVIKLING AV REKONSTRUKSJON SOM FORSKING

Utviklingsarbeid

NBF skal som nasjonalt kompetansesenter vera ein aktiv kunnskapsprodusent i arbeidet med utvikling og tilgjengeleggjering av spesialkompetanse. Behovet for spesialkompetanse på dette feltet er etterspurd frå forskarar, studentar, bunadsprodusentar, tekstilindustrien etc. Utvikling av nye foredrag, kurs, metodikk og læremateriell (skriftserie og på internett) for undervisning i sektoren er eit særleg behov, ikkje minst i arbeidet med å ivareta den immateriell kulturarven innanfor drakt og tekstilfaget.

PRIORITET 2015 – 2018:

- ETABLERE EIN SKRIFTSERIE MED UNDERVISNINGSMATERIELL
- PUBLISERE UNDERVISNINGSMATERIELL I FILMFORMAT PÅ INTERNETT

Nomenklatur

NBF har i fleire år arbeidd med å utvikle ein nomenklatur til registrering av bunad og folkedrakt. Nomenklaturen tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudie av drakthistorisk litteratur. Målet er å utarbeide hovudbetegnelse og presiserte betegnelse som er like for heile landet, i tillegg til ulike alternative betegnelse eller dialektnamn. Denne nomenklaturen vil kunne vera ei god hjelp for andre (td musumstilsette) som arbeider med registrering av folkedraktmateriale. Vidareutvikling av nomenklaturen skjer kontinuerleg i det daglege arbeidet ved NBF, og det vil i tida framover bli arbeidd særleg med nomenklatur av teknikk og materialkvalitetar. Norsk kulturråd har gitt signal om at det er ynskjeleg at denne Nomenklaturen som er utarbeidd skal publiserast på www.kulturnav.no

PRIORITET 2015 – 2018:

- VIDAREUTVIKLE NOMENKLATURARBEIDET, SÆRLEG NÅR DET GJELD REGISTRERING AV TEKNIKK OG MATERIAL
- PUBLISERE NOMENKLATUREN PÅ NETT

Materialkunnskap

Tekstilkvalitetane er og har alltid vore i endring. Mange historiske tekstilkvalitetar er gått ut av produksjon, og kunnskapen og utstyret som vart brukt i framstilling er i dag ikkje lenger ivareteke. NBF ynskjer ein tett dialog med tekstilindustrien både for å sikre kvaliteten på varer som i dag er i handelen, og for å få sett historiske tekstilkvalitetar i produksjon att. Tolking av gamle draktplagg frå ein handverkskunnig sitt perspektiv er ein føresetnad i slikt arbeid, og ofte er det nødvendig med bruk av mikroskop i analysearbeidet.

PRIORITET 2015 – 2018:

- UTVIKLE KOMPETANSE PÅ BRUK AV MIKROSKOP I MATERIALANALYSE
- STUDIE OG PUBLISERING AV ULIKE NEMNINGAR PÅ HISTORISKE TEKSTILKVALITETAR UTIFRÅ SKIFTEPROTOKOLLAR, DRAKTHISTORIE OG GAMLE DRAKTPLAGG
- ARBEIDE FOR BETRE KVALITET OG EIT STØRRE MANGFALD I MATERIALKVALITETAR GJENNOM TETT SAMARBEID MED BUNADSPRODUSENTAR OG TEKSTILINDUSTRIEN

Bunad og næring

NBF er i eit samarbeid med Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Heimen husflid fått støtte til eit prosjekt for å kartleggje kva faktorar bunadsnæringa som er avgjerande for at bunadstilverking som tradisjonelt tekstilhandverksfag skal bestå, og korleis ei trygging av denne næringa kan vera eit viktig til tak i arbeidet med vern av ulike handverksteknikkar som immateriell kulturarv.

PRIORITET 2015 – 2018:

- DELTA I KARTLEGGINGSPROSJEKTET BUNAD OG NÆRING

FORMIDLING, UNDERVISING OG RÅDGJEVING

NBF arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling på folkedrakt- og bunadfaglege feltet, og har som mål å drive både praktisk og teoretisk formidling på vidaregåande og universitetsnivå.

Formidling av tekstilhandverket har ein særskilt prioritet: Tradisjonshandverk har som kjenneteikn manuelt arbeid, personlig innsikt, handlingsbåren kunnskap, opplæring gjennom herming, eigen erfaring og lang øvingstid. Vi ser i dag ei forskyving frå kunnskap i til kunnskap om, frå praksis til teori, som gjør at det tradisjonelle handverket og tradisjonelle material er i ferd med å forsvinne frå vårt kulturelle mangfald og vår immaterielle kulturarv.

Rådgjeving og opplysningsarbeid

NBF har dagleg fleire henvendingar både via e-post, brev og telefon om bunadspørsmål. Mange av spørsmåla omhandlar påkledning, vask og behandling av bunaddejar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserer dei ulike bunadane rundt om i landet. Behovet for ein nøytral stad å kontakte ser ut til å auke i takt med ein stadig større interesse for bunadsfeltet generelt.

PRIORITET 2015 – 2018:

- FORNYE OG UTVIKLE SYSTEMA VÅRE FOR Å DOKUMENTERE OG KVALITETSIKRE RÅDGJEVINGSARBEIDET VÅRT

Utstilling

NBF skal gjennom utstillingsarbeid formidle norsk, tradisjonell draktskikk og bunadshistorie for besøkjande. Utstillingane skal i hovudsak vera forskingsbasert. I samband med til dømes seminar kan det også vera aktuelt med midlertidige utstillingar som tek for seg særskilte emne. NBF kan også ta på seg å lage utstillingar for andre gjennom sal av slike tenester.

PRIORITET 2015 – 2018:

- PLANLEGGJE OG ENDE NOVERANDE UTSTILLING FRAM MOT NORDISK DRAKTSEMINAR 2015. ME SKAL HER VIDAREUTVIKLE FOLKEKUNSTUTSTILLINGA TIL Å FOKUSERE ENDÅ MEIR PÅ SYMBOLIKK I FORM OG DEKOR, SAMT LAGE EI UTSTILLING SOM SYNER SYMBOLBRUK I DRAKT I ULIKE SEREMONIELLE HANDLINGAR
- PRODUSERE DRAKTUTSTILLINGA: «FRÅ EUROPEAR TIL DØL» SOM DRØFTAR EI HISTORISK UTVIKLING AV DRAKTSKIKKEN I VALDRES. OPNING I 2017

Faglege rettleiingsbesøk

NBF skal leggje til rette for at bunadsprodusentar/brukarar, studentar/forskarar, veveri osv kan tinge faglege rettleiingsbesøk.

PRIORITET 2015 – 2018:

- LEGGJE BETRE TIL RETTE FOR STUDIEPLASSAR FOR BESØKJANDE.

Høgare utdanning

NBF skal gjennom samarbeid med NTNU og Studieforbundet Kultur og Tradisjon drive universitetsstudiet Drakt og samfunn. Studiet gjev ei brei kompetanse på det bunad og folkedraktfaglege feltet, og har som målsetjing å løfte og etablere drakt som eit kulturhistorisk emne. Sentralt i emnet står drøftinga av faglege omgrep som bunad, folkedrakt og folkeleg mote, i eit kulturhistorisk perspektiv. For å kunne studere eller drive forskning innan fagområdet er ein viss handverkskunnskap ein nødvendig føresetnad, som eit verkty for å forstå, bearbeide og analysere eit draktfagleg materiale. Studenten skal også kunne tolke og analysere endringsprosesser i folkedrakttidasjonane, samt nytte sentrale faglege omgrep. Studiet blir organisert som eit deltidstudie som i dag består av 6 ulike emne på 7, 5 studiepoeng kvar. Faget gjev kompetanse i draktarbeid for mellom anna kunst- og kulturhistorikarar, museumstilsette, lærarar, motedesignarar, kostymemakarar og bunadstilverkarar.

PRIORITET 2015 – 2018:

- PLANLEGGE, GJENNOMFØRE OG EVALUERE 2 TIL 4 STUDIEEMNE KVART ÅR
- UTARBEIDE STUDIEPLANAR FOR EMNE 4, 5 OG 6
- UTVIKLE EIT VIDARE KONTAKTNETT MED RELEVANTE FAG- OG FORSKINGSMILJØ I NORDEN
- FORBETRE OG UTARBEIDE UNDERVISNINGSMATERIALE OG FØREDRAG

Bunadopplæringa

Bunadopplæringa består av seks modular som blir gjennomført over tre år. Innhaldet i modulane er bygd opp kring læreplanen i bunadtilverkarfaget Vg3 / opplæring i bedrift kring læreplanen i bunadtilverkarfaget. Kursrekkja kan inngå som eit grunnlag for å gå opp som privatist i faget og vera ein del av eit løp til svennebrev. Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. NBF tilbyr kompetanse og tenester for bunadopplæringa ved behov.

PRIORITET 2015 – 2018:

- TILBY MODUL 2 PÅ BUNADSOPPLÆRINGA I 2016
- TILBY FORDRAG OG UNDERVISNINGSMATERIELL VED BEHOV

Fagdagane

Sidan 2013 har NBF arrangert Fagdagar i bunad og folkedrakt på Fagernes. Fagagane er vorte til i eit samarbeid med Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet kultur og tradisjon og Noregs ungdomslag. Fagdagane er meint som ein nøytral årleg møtestad for heile bunad- og folkedraktfeltet der ein kvart år set søkjelyset på ulike dagsaktuelle tema, eller tema som treng å løftast fram i lyset. I tillegg til teoretiske foredrag av høg kvalitet skal det også leggjast vekt på ulike

handverksteknikkar gjennom demonstrasjon og kurs. Det blir også lagt til rette for stoffmesse der bunadsprodusentar og tekstilindustrien kan ha ein felles møteplass.

PRIORITET 2015 – 2018:

VERA VERTSKAP OG DELTA I PLANARBEID OG GJENNOMFØRING AV «FAGDAGAR I BUNAD OG FOLKEDRAKT»

Primuskurs i registrering av drakt og tekstil

NBF tilbyr kurs for museumstilsette i registrering av drakt og tekstil. Ut frå løyvingar frå Kulturrådet skal NBF tilbyr dette kurset så lenge det er behov for det.

PRIORITET 2015 – 2018:

- GJENNOMFØRE 1 TIL 2 PRIMUSKURS I PERIODEN

Nettsider og sosiale media

NBF skal gjennom nettsidene sine formidle arbeidet sitt og vera synlege for brukarane. Nettsidene skal innhalde relevant informasjon for feltet. Nettsidene skal i hovudsak brukast til meir varig informasjon, medan me nyttar Facebook-sida til såkalla "raske saker".

PRIORITET 2015 – 2018:

- LAGE EIN PLAN FOR ARBEID MED NETTSIDA VÅR
- LAGE EIN PLAN FOR BRUKEN AV FACEBOOKSIDENE ME DRIFTAR

Media

NBF som nøytral faginstusjon ser det som naturleg å vera synlege gjennom deltaking i relevante debattar i media. NBF kan uttale seg til media som faginstans i spørsmål knytt til bunad- og folkdrakt. Særleg vekene før 17. mai opplever NBF ein stor pågang frå media. Det er også viktig å vera synlege i media i samband med feltarbeid for å få best mogleg resultat av kartlegginga.

PRIORITET 2015 – 2018:

- LAGE EIN PLAN FOR KORLEIS NBF SKAL HANDTERE OG NYTTE SEG AV ULIKE MEDIA SOM MIDDEL FOR Å FREMJE KUNNSKAP KRING BUNAD OG FOLKEDRAKT

Digitalt museum

I dei seinare åra har museumssektoren lagt arbeid i å gjera registreringar av museumssamlingane tilgjengelege på Digitalt museum. NBF publiserer også sine draktregistreringar her så sant det ikkje ligg føre klausular på materialet. Sidan brorparten av registreringane er i privat eige blir eigarposten klausulert før publisering. Det vil vera eit omfattande arbeid før alle registreringane er digitalisert korrekturlest og publisert.

PRIORITET 2015 – 2018:

- INNARBEIDE GODE RUTINAR FOR PUBLISERING PÅ DIGITALT MUSEUM SNARAST RÅD ETTER FELTARBEID
- ARBEIDE FOR Å KVART ÅR OGSÅ FÅ PUBLISERT REGISTRERINGAR GJORT FØR ME STARTA MED DIGITAL REGISTRERING OG FOTOGRAFERING. DET ER HER EIN FØRESETNAD AT BILETE ER SKANNA OG LAGT INN I PRIMUS OG REGISTRERINGA ER SJEKKA FOR EVENTUELLE FEIL

FORNYING OG NETTVERKSBYGGING

NBF skal jamfør avtalen mellom Valdresmusea og KUD arbeide med å framme, verne og vidareføre bruk og framstilling av bunader og folkedraktar i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særne kvaliteter. Nettverksbygging, kompetansebygging og samhandling med bunad- og folkedraktfeltet er avgjerande for å bringe arbeidet framover. NBF har som ein nøytral part ei særskilt rolle i arbeidet med å bidra til auka samhandling mellom ulike aktørar.

NBF har nettverk, kompetanse, metodar og arkiv, men manglar ressursar for å få utnytta potensialet som kunnskapsprodusent. Ei auke i overføringa er naudsynt for å få gjennomført tiltaka som NBF ser feltet treng.

PRIORITET 2015 – 2018:

- ARBEIDE FOR TETT SAMHANDLING MED ULIKE AKTØRAR PÅ FELTET
- BLI MEIR SYNLEG SOM AKTIV OG RELEVANT AKTØR PÅ UTVIKLINGSARBEID INNAN BUNAD OG FOLKEDRAKT
- KARTLEGGJE KOMPETANSEBEHOVET VED INSTITUTTET, OG PÅ BAKGRUNN AV DET GJERA NAUDSYNTE TILTAK FOR KOMPETANSEBYGGING
- ARBEIDE FOR EI BETYDELEG AUKE I DRIFTSMIDLANE FOR Å INITIERE I FORSKINGSTILTAK OG Å STYRKE KUNNSKAPSPRODUKSJONEN

Deltaking/møte med fagmiljø i innland og utland

Vera synlege gjennom deltaking på relevante seminar, konferansar osv. Besøkje ulike samarbeidspartar for å sjå nærare på deira arbeid og for å skape god dialog for konstruktiv samarbeid.

PRIORITET 2015 – 2018:

- KVART ÅR DELTA PÅ EIT UTVAL AV KONFERANSAR OG SEMINAR SOM AKTIV OG SYNLEG DELTAKAR

Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

Norsk institutt for bunad og folkedrakt er nettverksansvarleg for nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. NBF skal som nettverksansvarleg bidra til å skape dialog mellom ulike aktørar på drakt og tekstilfeltet og leggje til rette for gode møteplassar og kompetansehevande tiltak som kjem nettverket til gode.

PRIORITET 2015 – 2018:

- GJENNOMFØRE EI NETTVERKSSAMLING KVART ÅR
- TILBY KURS I DRAKT OG TEKSTILREGISTERING I PRIMUS FOR MUSEUMSTILSETTE VED BEHOV
- DRIVE FACEBOOKSIDA FOR NETTVERKET

Nordisk draktseminar

Landsnemnda for bunadsspørsmål inviterte i 1978 til nordiske draktsamarbeid. Etter dette har det vore arrangert nordisk draktseminar kvart tredje år. Mellom kvart seminar er det også eit midtvegsmøte der tema for seminaret og generelt nordisk samarbeid blir drøfta.

Målgruppa for seminaret er draktforskarar i Norden. 60 inviterte gjester frå Noreg, Sverige, Finland og Island møter til foredrag, debatt, konsert og workshop. Målet med seminaret er å etablere nettverk og å bygge kompetanse som kjem fagfeltet i Noreg og Norden til gode. Sist gong det Nordisk draktseminar vart arrangert i Noreg var i 2000, altså for 15 år sidan.

9. – 14. august 2015 inviterer NBF inn til det 15. nordiske draktseminaret i rekkja. Tema for seminaret er «Folkedrakt i fortid og samtid –*seremoni, form og bruk*»

PRIORITET 2015 – 2018:

- PLANLEGGE OG GJENNOMFØRE NORDISK DRAKTSEMINAR 2015
- GJE UT RAPPORT FRÅ NORDISK DRAKTSEMINAR 2015
- DELTA PÅ MIDTVEGSMØTE I DANMARK 2017
- KOORDINERE NORSK DELTAKING PÅ NORDISK DRAKTSEMINAR I DANMARK 2018

BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemd råd og er ein rådgjevande innstans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. NBF fungerer som sekretariat for Rådet.

Atle Ove Martinussen , Direktør, Museumssenteret i Hordaland	-rådsleiar
Mona Løkting , Bunadsmeister, Lillehammer	-medlem
Petra – Mari Linaker , Husflidskonsulent, Troms	-medlem
Ingar Ranheim , Konservator, Valdresmusea	-medlem
Ayesha Khan , Sosialantropolog, Oslo	-medlem
Ida Tolgensbakk , Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	-varamedlem
Halvor Nordal , Vest- Telemark museum	-varamedlem

Av desse er Ingar Ranheim, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk oppnemnt til 2018. Dei andre er oppnemnt til 2016.

RETNINGSLINER FOR BUNAD- OG FOLKEDRAKTRÅDET

Fastsette av Kulturdepartementet 12. juni 2012.

§1 Formål

Bunad- og folkedraktrådet (heretter Rådet) skal fremje, verne og vidareføre bruk og tilverking av bunader og folkedrakter i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særneigne kvalitetar.

Kulturarv er ingen eksakt og uomskifteleg storleik. Alle kulturuttrykk utviklar seg i samspel mellom tradisjon og nye impulsar. Noreg er prega av eit stort mangfald som gjev oss ein dynamisk og levande kultur. I dette mangfaldet krev det kunnskap og innsikt for å leggje til rette for utvikling av dei tradisjonelle kulturuttrykka vi ønskjer å verne, slik at dei kan leve vidare i eit dynamisk og meiningsfylt samspel med notidas menneske.

§ 2 Status

Rådet vert oppnemnt av Kulturdepartementet og er ein rådgjevande instans for arbeidet ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt (heretter Instituttet) og for Kulturdepartementet.

Instituttet er ein del av Valdresmusea gjennom avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea, gjeldande frå 1. januar 2008.

§ 3 Organisasjon

Rådet skal ha fem medlemmer og to varamedlemmer. Departementet peikar ut ein av rådsmedlemene til leiar. Medlemmer og varamedlemmer skal ha ei funksjonstid på fire år. Ingen rådsmedlemmer kan ha samanhengande funksjonstid på meir enn åtte år. Annakvart år blir halvparten av Rådet oppnemnt: eit

varamedlem og annankvar gong to og tre rådsmedlemer. Rådet er vedtaksført når minst tre medlemer møter.

Instituttet fungerer som sekretariat for Rådet og deltek i alle møte. Møtereferat skal sendast rådsmedlemer og varamedlemer.

Godtgjersle til rådsmedlemene blir fastsett av Valdresmusea og skal stå i rimeleg forhold til arbeidet som følgjer med vervet.

Ved ny oppnemning sit rådsmedlemene til nye er oppnemnde.

§ 4 Oppgåvene til Bunad- og folkedraktrådet

Rådet skal sjå til at arbeidet med å ta vare på det kulturuttrykket bunader og folkedrakter representerer, blir fremja på best mogleg måte i heile landet. Rådet skal i verksemda si leggje hovudvekt på følgjande oppgåver:

- Tilretteleggje for innsamling, dokumentasjon, rekonstruksjon, forskning, bevaring og formidling innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området
- Bidra til å auke medvit om, interesse og forståing for bunad og folkedrakt som kulturuttrykk
- Bidra til å auke kunnskap om tilverking og bruk av tradisjonelle norske bunader og folkedrakter
- Søkje å leggje til rette for utvikling og revitalisering innanfor det bunad- og folkedraktfaglege området
- Stimulere til utvikling av fleirkulturelle møteplassar

Rådet skal fungere som fagleg råd og støtte for Instituttet i deira forvaltning av det bunad- og folkedraktfaglege arbeidet. Rådet skal:

- Vurdere måloppnåinga og kommentere årsrapporten frå Instituttet
- Bidra i utarbeiding av planar og budsjett for Instituttet, i samråd med Valdresmusea
- Uttale seg ved tilsetjing av instituttleiar og delta i prosessen i samråd med Valdresmusea

Rådet skal gje råd til departementet ved å:

- Kommentere årsrapporten frå Instituttet og gje ei samla vurdering av arbeidet og måloppnåinga både i Instituttet og Rådet
- Kommentere den delen av den årlege budsjettsøknaden frå Valdresmusea som gjeld arbeidet ved Insituttet

Rådet skal ta initiativ til offentleg debatt og uttale seg offentleg i spørsmål om bunader og folkedrakter.

§ 5 Endringar i retningslinene

Kulturdepartementet kan endre retningslinene. Valdresmusea skal konsulterast i samband med framlegg om endringar.